



# Hjelmeland kommune

Miljøverndepartementet

Postboks 8013

0030 Oslo

## **Høring - forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften)**

### **Uttale frå Hjelmeland kommune**

#### **Generelle merknader og merknader til "Lovens hovedprinsipper"**

##### **Ikrafttreden**

Lova bør ikkje tre i kraft før matrikkelen er i drift. Lova er radikal på den måten at ho endrar på dei underliggjande prinsippa for eigedomsmåling, og då bør ho førebuast grundig og skikkeleg.

##### **Matrikkelførars ansvar**

er uklårt, det same gjeld kva kompetanse matrikkelførar treng. Kva skal matrikkelførar kontrollere og eventuelt kunne avvise, og kva er landmålers ansvar?

##### **Oppmålingsforretningen**

Landmålarforetakets oppgåver er motstridande. Det er bra og viktig at det blir fastslått at landmålararen skal vera nøytral. Delingsvedtaket (Pbl) må også ivareta, dette er eit så sentralt dokument at det bør nemnast spesielt. Landmålarforetaket bør også ha ein plikt til å sjå etter feil i matrikkel og rapportera desse vidare til rett instans, og å foreslå rydding i form av td grensejusteringar og samanføyingar.

Det er lagt for lite vekt på kvalitet. God kvalitet krev ofte at det blir henta fram informasjon utover "partenes påstander" og "framlagte dokument". Når oppmåling blir gjort til ein timebetalt teneste og det blir fleira landmålarforetak inne i samme område, ingen med ansvar for heilskapen, vil feilaktige grenser lett bli registrert. Det er ikkje nok å visa til "god landmålerskikk" (i matrikkellova §36).

##### **Detaljeringsgrad**

Forskriftene bør bli meir konsistente på dette punktet. Forslaget inneheld nokre tekniske krav (§15-1), utvalet kan synast noko tilfeldig. Tekniske spesifikasjonar bør ut av forskriftene.

Kvaliteten på arkiva og nivået på arkivsikring har i alle år vore langt under det tilsvarende i nabolanda våre. Denne reformen er eit godt tidspunkt til å retta på dette.

## **Interkommunalt samarbeid**

Forskriftene bør leggja til rette for interkommunalt samarbeid både i form av foretak av ulike typar og i form av kjøp/sal av tenester. Kommunar med eineansvar bør også ha høve til kjøp og sal av tenester.

## **Merknader til einstilte paragrafar**

### **§ 4-10 Arealgrensene er for låge.**

Grensejustering er aktuelt i ein stor andel av sakene. Grensejustering er eit viktig redskap for rydding i eigedomsmassen og har aldri ført til problem sjølv der det er praktisert mykje høgare arealgrenser.

Overførte areal er ikkje kjente før måling. Verdi ofte heilt ukjent.

Det vil oftast, i vårt terreng, ikkje vera mogleg å avgjerda om overførte areal ligg over eller under arealgrensene utan full oppmåling. Det betyr at ein ikkje kan avgjerda om saka skal utførast som grensejustering eller arealoverføring før etter forretning og oppmåling.

Verdivurdering av slike areal er umogleg. Verdivurdering utført av landmålar vil vera øydeleggjande for hans uavhengighet/habilitet.

### **§ 5-1**

Samanslåing mellom ulike gnr kan vera aktuelt. Ingen grunn til å forby. Eit forbod vil m.a. vera svært upraktisk der ei gardsgrense går tvers gjennom eit byggefelt og deler ei rekke tomter.

### **§ 8-3 (1)**

"inntil vidare", er oveflødig og bør strykast.

### **§ 15-1**

Detaljane bør ut av forskriftene. Ta ut boltehøgder, borholsdjupner og korleis utstikking skal kvalitetssikrast. Reint tekniske spesifikasjonar bør stå i ein eigen "norm".

### **§ 15-5**

Kart med sidelengder og koordinater bør vera god nok beskrivelse. Beskrivelse med ord i tillegg vil ikkje tilføra nokon nytteverdi.

### **§ 15-7**

Ser klårt fordelene med eit standard skjema, men er det nødvendig å med eit pålegg?

### **§16-2,3,4**

Det er krav til ansvarleg landmålar og til foretaket. Det må i tillegg vera krav om kompetanse tilstades under oppmålingsforretninga. Det synest som om ein tek det for gitt at ansvarleg landmålar møter på forretninga, utan at dette står nokon stad. Lov og forskrift legg opp til få og store landmålarforetak, men slike foretak vil få svært redusert kapasitet om ansvarleg landmålar

skal møta på alle forretningane. Enten må landmålarforetaka ha fleire ansvarlege landmålarar, tilpassa antall forretningar, eller så må ein vidareføra nåverande "bestyrer" og stilla krav til kompetansen hans i forskrifter.

#### **§ 16-5 (1)**

"digital form" bør ut. Er dekket av (2)

#### **§ 17-1 (6)**

bør opna for bruk av innleigde folk t.d. til rein måling. Kommentrane om gebyr bør strykast. Under "kommunalt eneansvar" bør kommunen stå friare i val av prinsipp for gebyra, Det bør td vera tillatt å ta lågare gebyr enn dei reelle kostnadane, eller å ha ein viss distriktsutjamning i kommunar med store reiseavstandar.

#### **§ 18-2,3,4**


Fastmerka, med nokre viktige unntak, spelar ikkje lenger nokon viktig rolle. Å setja i gang eit omfattande arbeid med oppretting og vedlikehald av eit slikt register er meningslaust. Data for rekonstruksjon av gamle målingar finst i arkiva og kan hentast der når dei trengst.

#### **§ 14-1**

Det må gå klart fram at eitt matrikkelbrev er ei sak og eitt grunnbeløp.

Taket på matrikkelgebyret bør fjernast heilt, det bør vera mogleg å ta full kostnadsdekning. Samanføyning krev også matrikkelføring, gebyr for dette ser ut til å vera utegløymt.

Hjelmeland 31.07.2006



Haldis K, Nilsen

bygdeutviklingssjefsjeff